



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 68/2022 | Kommunestyret | PS | 14.06.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-----------------|----------------|------------|
| Åse Elin Myking | FA-T24, TI-&13 | 21/1296 |

HØYRING AV KONSESJONSSØKNAD DALE TRANSFORMASTORSTASJON - ENDRINGSSØKNAD

Vedlegg:

18_01229-37 Endringssøknad Dalekvam transformatorstasjon

Vedlegg 1 Endringssøknad_Oversiktskart_DALEKVAM_4500_A3

Vedlegg 2 Endringssøknad_DALEKVAM_2500_A3 (6)

Vedlegg 3 Vegkryss

Vedlegg 4 Bredder på Elvevegen og fortau

Dalekvam transformatorstasjon. Høyring av endringssøknad og invitasjon til motsegnsmøte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknaden det er søkt konsesjon til er av vesentleg betydning for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd. Vaksdal kommune har reist motsegn til konsesjonssøknaden. NVE har sendt ein endringssøknad på høyring.

Vaksdal kommune ber om at følgjande vilkår vert lagt til grunn ved konsesjonsbehandlinga og sett som vilkår i konsesjonen:

Vilkår knytt til ivaretaking av innbyggjarane:

- Det vert sett vilkår om at utbygger utarbeider grundigare støyberekningar som tar tilstrekkeleg omsyn til topografi og andre stadlege forhold, og legg fram planer for støyskjermande tiltak for eigedomar som følgje av berekningane.
- Det vert sett som vilkår støy målingar ved oppstart og elles når kommunen måtte krevje det etter klager frå innbyggjarar. Målingane skal utførast til ulike årstider, ved fleire bustader og ved tur/rekreasjonsområdet. Ved oppauke til 420 kV eller andre større endringar skal det gjennomførast nye målingar. Samla støy frå området skal leggest til grunn ved målingar.
- Det vert sett vilkår om at utbygger forpliktar seg til innløyising av Dalevegen 16 som vert hardast råka av utbygginga.
- Det vert sett vilkår om støyberekningar for anleggsfasen og utført målingar i anleggsfasen.
- Det vert stilt vilkår om at utbygger før konsesjonsbehandling legg fram detaljerte planar for kommunen som konkret viser kvar rigg, lagringsplassar og andre installasjonar vert

plassert.

Riggområda som er merka i søknaden ligg tett inntil bustadane og vil ha stor betydning for bebruarane i området. Konsekvensane av samla belastning frå rigg, transport og anleggstøy for bebruarane i dette området må kartleggast. Kommunen kan ikkje akseptere at situasjonen for bebruarane vert kraftig forringa i ein lang anleggsfase.

Vilkår knytt til kommunal veg:

- Det vert sett vilkår om permanente tiltak på strekninga frå krysset Sandlivegen – Elvavegen til og med parkeringsplass ved Dalevegen. Dette inkluderer samanhengande fortau i Elvavegen og godkjente kryss, avkøyrslar, siktsoner med meir. Kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om god skjerming for mjuke trafikantar i anleggsfasen. Det må utarbeidast eigen trafikkplan for anleggsfasen, kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om at utbyggjar sikrar fri ferdsel og tilkomst til alle eigedomar i heile anleggsperioden. Kravet gjeld både privatbilar og større køyretøy som ambulanse, brannbilar, brøyteutstyr, gravemaskiner, varetransport og liknande.

Vilkår knytt til næringsområdet på Dalegarden:

- Det vert sett som vilkår om at R11 utgår. Behovet for slikt areal er avgrensa til 4 enkeltdagar i 2024 og ca 14 dagar i 2025. Å pålegge kommunen å halde av attraktivt næringsareal til slik sporadisk bruk kan potensielt medføre bortfall av vesentlege inntekter og tap av næringsetableringar. Kommunen ser bandlegging av R11 som uforholdsmessig og urimeleg. Utbygger kan be om oreigning av bruksrett til arealet, noko kommunen og vil motsette seg.

Vilkår knytt til natur, kultur og miljø

- Det vert sett som vilkår at Daleelva som laksevassdrag ikkje vert forringa, indirekte eller direkte, av utbygginga. Det vert stilt krav om konsekvensutgreiing som dokumenterer at dette ikkje vil skje.
- Det vert sett som vilkår at området langs Daleelva framleis kan nyttast som rekreasjons- og turområde. Herunder at dagens gangveg ved Elvavegen vert erstatta med fortau langs vegen og at benkar og anna langs elva er tilgjengelege.
- Det vert sett som vilkår at tiltaket og flaumsikringa ikkje medfører negative konsekvensar oppstraums eller nedstraums anlegget.
- Det vert sett som vilkår at viktige natur og kulturverdiar, herunder handtering av matjord vert ivaretatt i samsvar med lovmessige krav.

Vaksdal kommune kan ikkje godta ei utbygging som medfører vesentlege negative konsekvensar for våre innbyggjarar. Om vilkåra ikkje vert innfridd er kommunen av den oppfatning at ny transformatorstasjon må byggast utfor Dale sentrum.

Alternativt forslag frå Sp, SV og Høgre, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Tiltaket det er søkt konsesjon til er av vesentleg betydning for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd. Vaksdal kommune har reist motsegn til konsesjonssøknaden. NVE har sendt ein endringssøknad på høyring. Endringssøknaden innfrir i liten grad Vaksdal kommune sine krav, og kommunen ber difor om at tiltaket ikkje blir gjennomført og at konsesjonssøknaden blir avslått.

Dersom søknaden ikkje blir avslått krev kommunen at følgjande tiltak blir lagt til grunn og sett som vilkår i konsesjonen:

Vilkår knytt til ivaretaking av innbyggjarane :

- Det vert sett vilkår om at utbyggar utarbeider grundigare støyberekningar som tar tilstrekkeleg omsyn til topografi og andre stadlege forhold, og legg fram planer for støy-skjermende tiltak for eigedomar som følgje av berekningane.
- Det vert sett som vilkår støy målingar ved oppstart og elles når kommunen måtte krevje det etter klager frå innbyggjarar. Målingane skal utførast til ulike årstider, ved fleire bustader og ved tur/rekreasjonsområdet. Ved oppauke til 420 kV eller andre større endringar skal det gjennomførast nye målingar. Samla støy frå området skal leggest til grunn ved målingar.
- Det vert sett vilkår om at utbyggar forpliktar seg til innløyising av Dalevegen 16 som vert hardest råka av utbygginga.
- Det vert sett vilkår om støyberekningar for anleggsfasen og utført målingar i anleggsfasen.
- Det vert stilt vilkår om at utbyggar før konsesjonsbehandling legg fram detaljerte planar for kommunen som konkret viser kvar rigg, lagringsplassar og andre installasjonar vert plassert.

Riggområda som er merka i søknaden ligg tett inntil bustadane og vil ha stor betydning for bebuarane i området. Konsekvensane av samla belastning frå rigg, transport og anleggstøy for bebuarane i dette området må kartleggast. Kommunen kan ikkje akseptere at situasjonen for bebuarane vert kraftig forringa i ein lang anleggsfase.

Vilkår knytt til kommunal veg:

- Det vert sett vilkår om permanente tiltak på strekninga frå krysset Sandlivegen – Elvavegen til og med parkeringsplass ved Dalevegen. Dette inkluderer samanhengande fortau i Elvavegen og godkjente kryss, avkøyrslar, siktsoner med meir. Kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om god skjerming for mjuke trafikantar i anleggsfasen. Det må utarbeidast eigen trafikkplan for anleggsfasen, kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om at utbyggar sikrar fri ferdsel og tilkomst til alle eigedomar i heile anleggsperioden. Kravet gjeld både privatbilar og større køyretøy som ambulanse, brannbilar, brøyteutstyr, gravemaskiner, varetransport og liknande.

Vilkår knytt til næringsområdet på Dalegarden:

- Det vert sett som vilkår om at R11 utgår. Behovet for slikt areal er avgrensa til 4 enkeltdagar i 2024 og ca 14 dagar i 2025. Å pålegge kommunen å halde av attraktivt næringsareal til slik sporadisk bruk kan potensielt medføre bortfall av vesentlege inntekter og tap av næringsetableringar. Kommunen ser bandlegging av R11 som uforholdsmessig og urimeleg. Utbygger kan be om oreigning av bruksrett til arealet, noko kommunen og vil motsette seg.

Vilkår knytt til natur, kultur og miljø

- Det vert sett som vilkår at Daleelva som laksevassdrag ikkje vert forringa, indirekte eller direkte, av utbygginga. Det vert stilt krav om konsekvensutgreiing som dokumenterer at dette ikkje vil skje.

- Det vert sett som vilkår at området langs Daleelva framleis kan nyttast som rekreasjons- og turområde. Herunder at dagens gangveg ved Elvavegen vert erstatta med fortau langs vegen og at benkar og anna langs elva er tilgjengelege.
- Det vert sett som vilkår at tiltaket og flaumsikringa ikkje medfører negative konsekvensar oppstraums eller nedstraums anlegget.
- Det vert sett som vilkår at viktige natur og kulturverdiar, herunder handtering av matjord vert ivaretatt i samsvar med lovmessige krav.

Kommunestyret - Sak 68/2022

KOM - Behandling:

På vegner av Sp,SV og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande forslag til vedtak:

Tiltaket det er søkt konsesjon til er av vesentleg betydning for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd. Vaksdal kommune har reist motsegn til konsesjonssøknaden. NVE har sendt ein endringssøknad på høyring. Endringssøknaden innfrir i liten grad Vaksdal kommune sine krav, og kommunen ber difor om at tiltaket ikkje blir gjennomført og at konsesjonssøknaden blir avslått.

Dersom søknaden ikkje blir avslått krev kommunen at følgjande tiltak blir lagt til grunn og sett som vilkår i konsesjonen:

Vilkår knytt til ivaretaking av innbyggjarane :

- Det vert sett vilkår om at utbyggar utarbeider grundigare støyberekningar som tar tilstrekkeleg omsyn til topografi og andre stadlege forhold, og legg fram planer for støy-skjermande tiltak for eigedomar som følgje av berekningane.
- Det vert sett som vilkår støy målingar ved oppstart og elles når kommunen måtte krevje det etter klager frå innbyggjarar. Målingane skal utførast til ulike årstider, ved fleire bustader og ved tur/rekreasjonsområdet. Ved oppauke til 420 kV eller andre større endringar skal det gjennomførast nye målingar. Samla støy frå området skal leggst til grunn ved målingar.
- Det vert sett vilkår om at utbyggar forpliktar seg til innløysing av Dalevegen 16 som vert hardast råka av utbygginga.
- Det vert sett vilkår om støyberekningar for anleggsfasen og utført målingar i anleggsfasen.
- Det vert stilt vilkår om at utbyggar før konsesjonsbehandling legg fram detaljerte planar for kommunen som konkret viser kvar rigg, lagringsplassar og andre installasjonar vert plassert.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget. Fellesforslaget vert samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Tiltaket det er søkt konsesjon til er av vesentleg betydning for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd. Vaksdal kommune har reist motsegn til konsesjonssøknaden. NVE har sendt ein endringssøknad på høyring. Endringssøknaden innfrir i liten grad Vaksdal kommune sine krav, og kommunen ber difor om at tiltaket ikkje blir gjennomført og at konsesjonssøknaden blir avslått.

Dersom søknaden ikkje blir avslått krev kommunen at følgjande tiltak blir lagt til grunn og sett som vilkår i konsesjonen:

Vilkår knytt til ivaretaking av innbyggerane :

- Det vert sett vilkår om at utbyggar utarbeider grundigare støyberekningar som tar tilstrekkeleg omsyn til topografi og andre stadlege forhold, og legg fram planer for støyskjermande tiltak for eigedomar som følgje av berekningane.
- Det vert sett som vilkår støy målingar ved oppstart og elles når kommunen måtte krevje det etter klager frå innbyggerar. Målingane skal utførast til ulike årstider, ved fleire bustader og ved tur/rekreasjonsområdet. Ved oppauke til 420 kV eller andre større endringar skal det gjennomførast nye målingar. Samla støy frå området skal leggst til grunn ved målingar.
- Det vert sett vilkår om at utbyggar forpliktar seg til innløyising av Dalevegen 16 som vert hardast råka av utbygginga.
- Det vert sett vilkår om støyberekningar for anleggsfasen og utført målingar i anleggsfasen.
- Det vert stilt vilkår om at utbyggar før konsesjonsbehandling legg fram detaljerte planar for kommunen som konkret viser kvar rigg, lagringsplassar og andre installasjonar vert plassert.

Riggområda som er merka i søknaden ligg tett inntil bustadane og vil ha stor betydning for bebuarane i området. Konsekvensane av samla belastning frå rigg, transport og anleggstøy for bebuarane i dette området må kartleggast. Kommunen kan ikkje akseptere at situasjonen for bebuarane vert kraftig forringa i ein lang anleggsfase.

Vilkår knytt til kommunal veg:

- Det vert sett vilkår om permanente tiltak på strekninga frå krysset Sandlivegen – Elvavegen til og med parkeringsplass ved Dalevegen. Dette inkluderer samanhengande fortau i Elvavegen og godkjente kryss, avkøyrslar, siktsoner med meir. Kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om god skjerming for mjuke trafikantar i anleggsfasen. Det må utarbeidast eigen trafikkplan for anleggsfasen, kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om at utbyggar sikrar fri ferdsel og tilkomst til alle eigedomar i heile anleggsperioden. Kravet gjeld både privatbilar og større køyretøy som ambulanse, brannbilar, brøyteutstyr, gravemaskiner, varetransport og liknande.

Vilkår knytt til næringsområdet på Dalegarden:

- Det vert sett som vilkår om at R11 utgår. Behovet for slikt areal er avgrensa til 4 enkeltdagar i 2024 og ca 14 dagar i 2025. Å pålegge kommunen å halde av attraktivt næringsareal til slik sporadisk bruk kan potensielt medføre bortfall av vesentlege inntekter og tap av næringsetableringar. Kommunen ser bandlegging av R11 som uforholdsmessig og urimeleg. Utbyggar kan be om oreigning av bruksrett til arealet, noko kommunen og vil motsette seg.

Vilkår knytt til natur, kultur og miljø

- Det vert sett som vilkår at Daleelva som laksevassdrag ikkje vert forringa, indirekte eller direkte, av utbygginga. Det vert stilt krav om konsekvensutgreiing som dokumenterer at dette ikkje vil skje.
- Det vert sett som vilkår at området langs Daleelva framleis kan nyttast som rekreasjons- og turområde. Herunder at dagens gangveg ved Elvavegen vert erstatta med fortau langs vegen og at benkar og anna langs elva er tilgjengelege.
- Det vert sett som vilkår at tiltaket og flaumsikringa ikkje medfører negative konsekvensar oppstraums eller nedstraums anlegget.
- Det vert sett som vilkår at viktige natur og kulturverdiar, herunder handtering av matjord vert ivare tatt i samsvar med lovmessige krav.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

NVE har sendt på høyring endringssøknad for ny transformatorstasjon på Dale. Statnett har planar om å bygge ny stasjon ved sida av eksisterande transformatorstasjonen på Dale. NVE skal behandle konsesjonssaka og har sendt endringssøknaden til høyring til kommunen.

Det planlagde massedeponiet Geitabotn (Polleruden) utgår som følgje av rasfare på anleggsvegen. Planlagde naturinngrep i Polleruden, ferdsel på anleggsveg/turveg og vanskeleg trafikksituasjon ved Turbinen og Nedre Eikhaugen i anleggsperioden utgår med denne endringa. Kommunen er positive til at dette vert endra.

Utbyggar har tatt inn punktvisse tiltak i Elvavegen i endringssøknaden. Kommunen sitt syn er at dette ikkje er tilstrekkeleg.

Kommunen meiner at tiltaket medfører store, varige ulemper for nærliggande bustadområde og har vesentleg betydning for andre innbyggjarar i kommunesenteret på Dale, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd. Kommunedirektøren meiner framleis at søknaden samla sett har store manglar. Konkrete vilkår i konsesjonen kan føre til at kommunen trekkjer motsegna.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Vaksdal fremja 25.januar i år motsegn til konsesjonssøknaden for Dale transformatorstasjon som var på høyring til kommunen, jf. sak 06/22 behandla 25.01.2022. Denne saka kjem i tillegg til sak 06/22, etter motsegnsmøte og endringssøknad er sendt på høyring.

Etter kommunen fremja motsegn har det vore nettmøte og telefonkontakt med utbyggar. Der har det kome fram at utbyggar vurderer alternativ løysing for deponi på grunn av rasfare på anleggsveg. I tillegg er det orientert om at utbyggar går vekk frå massedeponi på område M1 på Dalegarden og jobbar med alternativt areal for helikopterlanding og montering.

16.mai fekk kommunen invitasjon frå NVE til motsegnsmøte 1. eller 3.juni og samtidig tilsendt endringssøknad til høyring med frist 13.juni. Kommunen bad om og fekk flytta høyringsfristen til 16. juni.

Endringssøknad

Ny søknad endrar deler av konsesjonssøknaden for Dale transformatorstasjon, øvrige deler av tidlegare konsesjonssøknad er oppretthalde.

Følgande punkt i opphavleg søknad vert trekt:

- Etablering av inntil to permanente masselager.
- Etablering av masseuttak på inntil 20.000 m3.
- Etablering av et lågt gjerde for å avgrense eigedom utan høgspentanlegg mot busetnad

Massedeponi på Geitabotn (Polleruden) er trekt grunna rasfare langs anleggsvegen. Massedeponi på Dalegarden er også tatt ut. I staden vil utbyggar frakte massane til andre godkjente deponi.

Planlagde naturinngrep i Polleruden, ferdsel på anleggsveg/turveg og vanskeleg trafikksituasjon ved Turbinen og Nedre Eikhaugen i anleggsperioden utgår med denne endringa. Kommunen er positive til at dette vert endra.

Belastninga på Elvavegen og Sandlivegen vil auke som følgje av endringa. Med ny trase kan transporten av massar utførast med større køyretøy. Trafikken langs traseen, ved kryss og i sentrum, på fylkesveg og på/av E16, vil verte meir utfordrande. Dette understrekar behovet for gode løysingar for trafikksikring og trafikkavvikling i anleggsperioden.

Statnett søker i tillegg etter energilova § 3-1 om konsesjon for etablering av følgjande permanente øvrige anlegg:

- Etablering av fortau langs deler av Elvavegen.
- Etablering av flaumtiltak på/ved Elvevegen.
- Justering av vegkryss Dalevegen / Elvavegen.
- Etablering av p-plass ved krysset Dalevegen/Elvavegen og utafor hovudport.
- Justering av vegkryss Hestavollen/ Elvavegen dersom flaumtiltak etablerast.

Endringane det her vert søkt om er permanente tiltak på kommunal veg. Etter kommunen sitt syn er dette endringar etter veglova der kommunen er vegstyresmakt. Utbyggar legg til grunn punktvis tiltak langs kommunal veg. Kommunen er av den oppfatning at tiltaka i Elvevegen, frå kryss til kryss, er så vesentlege at det er naturleg å krevje ei samanhengande løysing for denne vegen. NVE stadfesta i motsegnsmøte at utbyggar bør oversende detaljinformasjon/grunnlagsdata til kommunen. Utvida høyringsfrist i påvente av slik informasjon vart ikkje innvilga. Så lagt er slik informasjon ikkje mottatt. Vedlagt notat frå Sweco syner kva informasjon kommunen etterspør for å kunne vurdere endringar på kommunale veg.

Tiltaka som er føreslått i søknaden er ikkje i samsvar med kommunen sine gjentatte krav. At dette vert tatt inn i endringssøknaden og søkt om etter energilova er av vår oppfatning eit forsøk på å omgå kommunen sin rolle som vegmyndigheit. Statnett bekrefta dette synet munnleg i nettmøte 21.april.

Motsegnsmøte vart halde 1.juni. Statnett presenterte endringssøknaden og kommenterte/svarte på spørsmål. Kommunen orienterte om bakgrunn for motsegna og krava som er stilt. Vidare konstaterte kommunen at krava i motsegna i mindre grad er tatt omsyn til i endringssøknaden.

Dei viktigaste krava frå kommunen knytt til store, varige ulemper for nærliggande bustader, permanente endringar på kommunale vegar, konsekvensar for natur og miljø herunder lakseførande vassdrag og bandlegging av viktig næringsareal på Dalegarden, er i liten grad imøtekome.

Permanent endring av kommunal veg i kommunesenteret

Veglova § 9 tredje ledd bestemmer at kommunen er vegstyresmakt for kommunale vegar. Vidare følger det av veglova § 10 første ledd at kommunen har eit «*sjølvstendig ansvar for samfunnstryggleik og beredskap for [...] kommunal veg*».

Sweco har vurdert saka for Vaksdal kommune og konkluderer slik:

Den overordna vurderinga er at grunnlaget som ligg ved søknaden er av ein slik karakter at Vaksdal kommune ikkje kan gjere ei skikkeleg vurdering av endringane som er foreslått for det kommunale veganlegget. Det må utarbeidast teikningar som viser det nye veganlegget i si heilheit, dvs. oversiktsteikning, plan og lengdeprofilteikningar, normalprofil samt naudsynte detaljteikningar før det nye veganlegget eventuelt kan godkjennast av kommunen. Teikningane må også ha teiknforklaring slik at ein kan forstå kva løysingar som foreslått.

Veganlegg er plasskrevjande. Det er lite tilgjengeleg plass i området der det skal gjerast tiltak og det er derfor svært viktig at tiltaka er godt planlagde før det eventuelt blir gjeven konsesjon

Statnett sitt tiltak vedkjem følgande kommunale vegar: Sandlivegen, Elvavegen og Dalevegen. Desse vegane er sentrale i kommunesenteret vårt.

Elvavegen - Dalevegen

Fleire tiltak er planlagt og det er viktig at Statnett ser på heile vegen, frå krysset Dalevegen/Elvavegen til krysset Elvavegen/ Sandlivegen. Kommunen kan ikkje godkjenne punktvis endringar. Det er viktig å ha ein god samanhengande og einskapleg veg og ein god veg-geometri gjennom heile området sidan det vil bli svært vanskeleg å gjere endringar i framtida. Alle tiltak må godkjennast av kommunen som vegmynde.

Når det skal gjerast så mykje arbeider med Elvavegen bør det medføra krav om at vegen får ein einhetleg standard med tanke på vegbreidde, løysing for mjuke trafikkantar, kurvatur, sikt etc.

Teikningane for Elvavegen er heller ikkje gode nok for at kommunen kan vurdere om tiltaka som er foreslått er i henhold til gjeldande regelverk. Det manglar grunnleggjande element som stigning, tverrfall, teiknforklaring, vegbreidde, breiddeutviding etc. Gjerdet i innerkurven kan bli ei hindring for sikt gjennom kurven. Det må også her vurderast rekkverk mot Daleelva.

Det ser også ut til at det skal etablerast fleire nye veggrøfter i samband med tiltaket. Det må derfor utarbeidast teikningar som visar korleis overvatn frå området og veganlegget skal handterast (Sweco).

Omlegging av vegen

Som følgje av manglande plass på eigen tomt ønskjer Statnett å leggje om Elvavegen på eit lengre strekk. Elvavegen er ein viktig veg for ferdsel på Dale/Dalegården og har mykje trafikk. Kommunen har ansvar for kommunal veg og må stille krav til ei god vegløysing etter dagens krav.

Vegen er einaste tilkomstveg for større køyretøy inkludert utrykkingskøyretøy til Dalegarden som følgje av at det kun er persontrafikk som kan passera under jernbanelinja på Dalegarden. Vaksdal kommune sin tekniske stasjon med ansvar for drift og beredskap av kommunale vegar, VA-anlegg, gravplassar og andre kommunale bygg og anlegg ligg på nedsida på Statnett si tomt. Det er også eit kommunalt vassbehandlingsanlegg nærare Dalegarden, her er ein også avhengig av å ha tilkomst med større køyretøy. Kommunen er dermed heilt avhengig av at Elvavegen er open heile døgnet året rundt.

Området lags elva er eit viktig grøntområde på Dale som vert brukt av mange. Elvavegen blir mykje brukt av turgåarar, besøkande til gravplassen, til trening og av fiskarar knytt til forvaltninga av Daleelva mfl. I dag er det breie og flate areal langs Elvavegen. Dette bidreg positivt til at mjuke trafikkantar kan bruka området på ein trygg måte. Statnett har foreløpig presentert løysingar som vil forringa trygg trafikkavvikling etter omlegging av kommunal veg. Det er derfor viktig å ha eit klårt skilje mellom køyretøy og mjuke trafikkantar.

Omlegginga av vegen vil blant anna medføra krav om rekkverk mot elva. Rekkverket vil vere naudsynt for trafikksikkerheita, men rekkverket vil bli eit hinder for fiskarane og andre som ferdast til og frå, men også langs elva. Eit fortau kan derfor medføre mindre strenge krav til rekkverket og gjere det lettare å få til eit kompromiss mellom dei forskjellige interessentane i området.

Det er mykje aktiv forvaltning og fiske i Daleelva langs tomta til Statnett. Dette medfører også at det

er ein del parkering i området. Statnett sine planar inneber at det ikkje blir moglegheit for dette i framtida. Dei må derfor leggja til rette for parkering andre stadar i området.

Heving av vegen og ny avkøyrsløse til Hestavollen som følgje av flaumsikring

Statnett må eventuelt heve deler av kommunal veg som følgje av flaumsikringstiltak mot Daleelva. Utforming av kommunal veg og ny avkøyring til bustadområdet Hestavollen må utarbeidast etter gjeldande vegnormalar. Sidan dette er ei avkøyring mot bustadområde må det også leggast til rette for at mjuke trafikkantar kan ferdast trygt i området. Konsekvensar av terrengheving, og eventuelle avbøytande tiltak, må kartleggast før endeleg løysing kan godkjennast. Tiltaket må vera del av ei heilskapleg løysing med ein samanhengande veggeometri for Elvavegen.

Kryss Elvevegen/Sandlivegen

Statnett har behov for å utvide krysset. Her er det mykje å ta omsyn til. Krysset har mykje trafikk av både mjuke trafikkantar og køyretøy til

- BKK sine anlegg,
- Turbinen som er fleirbrukshall og undervisningsstad for barn og unge,
- Geitabakken idrettsplass,
- trengssenter
- leikeplass/aktivitetstilbod
- fysioterapi/kommunalt rehabiliteringstilbod i Turbinen
- Elvahuaset som er møte- og serveringsstad
- Bufellesskap/dagsenter
- Bustadområda rundt Sandlivegen, Elvavegen og nedre Eikhaugen
- Kommunen sine tekniske anlegg
- Gravplassen
- Anlegga til Dale Jakt og Fiskarlag
- Anna ferdsel på Sandlivegen, Elvavegen og nedre Eihaugen

I tillegg ligg det mykje infrastruktur som VA-leidningar, høgspenst – og andre kablar i vegen. Statnett sine planar må samkøyrast med kommunen sine planar for m.a. gangveg. Tiltaket skal godkjennast av kommunen som vegmynde. Krysset vil verte hardt belasta av massetransport og anna anleggstransport.

Sandlivegen

All trafikk skal gå i Sandlivegen som er kommunal veg. Vegen har same trafikkbelastning som vist for krysset, i tillegg til anna trafikk i øvre del til private verksemder, bedehus, kommunale bustader og sjukeheim. All massetransport skal bruke denne vegen og det er uvisst korleis vegen vil tåle belastninga. Det er også uvisst om eksisterande infrastruktur (høgspenstkablar, VA-leidningar etc.) i bakken vil tåla den planlagde belastninga frå transporten. Bustadane langs vegen og i området vil bli særleg belasta med tanke på støy, støv og trafikk. Det er fleire kryss og avkøyrsløse i denne vegen som må takast omsyn til. Utbyggar må sikre fri ferdsel og trygg ferdsel for mjuke trafikkantar i området.

Det er ikkje utarbeida teikningar for utvidinga av krysset mellom Sandlivegen og Elvavegen. Kommunen må få teikningar som viser omfanget av tiltaket før det kan takast stilling til tiltaket. Når ein utvidar krysset bør ein også gjere tiltak som sikrar ein god kanalisering av mjuke trafikkantar gjennom kryssområdet, dette er tross alt ein mykje brukt skuleveg. Teikningar må også visa sikt opp i Sandlivegen og inn på brua over Daleelva (Sweco).

Krysset med Sandlivegen/fylkesvegen er sterkt belasta med trafikk frå/til E16, frå kollektivterminal og sidevegar. Elevar frå Dale skule kryssar vegen til og frå undervisningslokale gjennom heile skuledagen.

Dalevegen

Kryssløysinga Dalevegen - Elvavegen er ikkje i samsvar med gjeldande regelverk og kan ikkje godkjennast.

Teikningane for krysset mellom Dalevegen og Elvavegen er heller ikkje gode nok for at kommunen kan vurdere om dei andre tiltaka som er foreslått er i henhold til gjeldande regelverk. Det manglar grunnleggjande element som sikt, stigning, tverrfall, teiknforklaring, vegbredde, hjørneavrunding, breiddeutviding etc.

Kryssområdet er i dag veldig stort, det bør vurderast å stramma opp kurvaturen i krysset. Det bør leggjast til rette for gangtrafikk opp til den nye parkeringsplassen langs Dalevegen. Dette kan for eksempel gjerast langs Dalevegen på motsett sida av Elvavegen, med tilrettelagt kryssing like sør for krysset. (Sweco)

Vaksdal kommune krev at krysset Dalevegen/Elvavegen blir utforma i samsvar med gjeldande normalar og at det blir lagt til rette for mjuke trafikantar i heile kryssområdet.

Trafikk i anleggsperioden

Anleggsgjennomføringa vil vere ei veldig stor belastning for bygda Dale. Massetransporten skal føregå over fleire månader og det er derfor viktig å ha på plass tiltak som sikrar tryggleiken til dei som bur og ferdast i området. Det er også viktig å påpeika at det er eit omfattande anlegg som skal byggjast etter masseutskiftinga, og at det er omfattande utstyr, varer og personell som skal inn og ut av anleggsområdet gjennom heile byggeperioden. Trafikksikringstiltaka vil derfor måtte vere gjennom nesten heile anleggsperioden. Statnett må sikre tilkomst til alle eigedomar og påkrav sikring for mjuke trafikantar.

Kommunen har krav om at kommunale vegar må haldast opne i heile anleggsperioden av omsyn til drift og beredskap.

Ut over mjuke trafikantar og trafikk som alt er nemnt vil vi særleg påpeike omsyn til:

Bufellesskap/dagsenter i Elvavegen for personar med nedsett funksjonsevne. Ein del av bebuarane arbeider på det kommunale AO-senteret på Dalegarden og vil derfor gå langs Elvavegen for å komma seg til arbeid og langs Sandlivegen for å komma seg på butikk. Det må takast særskilt omsyn til desse bebuarane under heile anleggsperioden.

Elvhuset er bygda Dale sin overnattingsplass, her er også servering og møtefasilitetar. Dei har Elvavegen og Sandlivegen på to sider av sin eigedom og vil derfor få ei stor belastning som følgje av anleggstrafikken ned til Statnett sin anlegg. Det må takast særskilt omsyn til denne verksemda under heile anleggsperioden.

Det er eit aktivt fiske og forskingsarbeid i Dalevassdraget. Dale jakt og fiskelag er eit svært aktivt lag som legg ned mykje arbeid i og rundt elva. Dei arrangerer blant anna opne fiskedagar for barn og unge. Det er også stor aktivitet av fiskarar i elva. All denne aktiviteten føregår i hovudsak langs det som no blir Statnett sitt anleggsområde. Dette er eit område som burde vore skjerma for inngripande tiltak, også gjennom anleggsperioden.

Støy

Statnett har lagt ved søknaden ei støyberekning frå transformatoranlegget. Kommunen er tvilande til om denne berekninga i tilstrekkeleg grad tek høgde for topografi og vêrforhold som kan påverke støyspreiing. Energianlegg behandlast etter energilova og er unntatt plan og bygningslova. I følge Statnett vil anlegget falle inn under industristøy og høgste tillate grenseverdi for støy. Retningslinjene i T-1442 er gjeldande og kommunen antar at denne norma vert lagt til grunn.

Kommunen er uroa for støybelastninga for naboeigedomar, for bustadområdet og i frilufta – og grøntområde generelt langs Daleelva. Støy frå transformator vil vera vedvarande alle dagar i året. Målingar er ikkje lagt til grunn i søknaden.

Etter lov om folkehelse har kommunen ved kommuneoverlegen mynde. Kommunen har kontakta miljøretta helsevern om bistand knytt til støy og andre forureiningskjelder knytt til tiltaket. Kommunen meiner det bør gjennomførast støymålingar ved oppstart og elles når kommunen måtte krevje det etter klager frå innbyggjarar. Målingane skal utførast til ulike årstider ved fleire bustader og ved tur/rekreasjonsområdet. Ved oppauke til 420 kV eller andre større endringar skal det gjennomførast nye målingar. Samla støy frå området skal leggjast til grunn ved målinga

Me har oppmoda Statnett til å vera open for innløysering av eigedommar som er særleg råka. Desse eigedomane er potensielt også råka av fleire forhold som tap av sol, utsikt og ev også anna. Dette er ikkje lagt til grunn i endringssøknaden.

Konsekvensane av samla belastning frå rigg, transport og anleggstøy for bebuarane i dette området må kartleggast. Kommunen kan ikkje akseptere at situasjonen for bebuarane vert kraftig forringa i lang anleggsfase. Kommunen meiner det bør gjerast støyberekningar for anleggsfasen slik miljøretta helsevern har anbefalt.

Landbruk, natur og miljø, kulturmiljø

Området for ny transformatorstasjon er avsett til LNF i kommuneplanen. Energianlegg som vert behandla etter energilova er unntatt krav om dispensasjon frå plan eller krav om reguleringsplan. Kommunen vert pålagt å endre planformålet ved neste revisjon av kommuneplanen.

Ettersom slika anlegg ikkje følgjer kommunal saksbehandling kan me ikkje stille krav knytt til landbruk, natur og miljøforhold. Tiltaket er likevel ikkje unntatt konsekvensvurderingar. Vår faglege vurdering etter gjennomgang av søknaden er at desse forholda ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden.

Søknaden slår til dømes fast at tiltaket ikkje vil ha konsekvensar for Daleelva. Kommune etterlyser konsekvensutgreiing som dokumenterer dette. Daleelva er ei viktig lakseelv som munnar ut i ein nasjonal laksefjord. Avrenningar eller andre uønska hendingar vil kunne medføre store konsekvensar.

Kommunen har ansvaret for flaumsikring i elva, me er framleis uroa for eventuelle konsekvensar for flaum nedstrøms anlegget til dømes mot Dalevegen og pågåande arbeid med utviding av Dale Gravplass.

Område er i dag dyrka mark og me har spilt inn til Statnett krav om god handtering av matjord. Deira svar er at dette blir for krevjande. Me legg til grunn at slike krav vert stilt frå anna myndigheit.

Tiltaket er plassert i eit grøntområde i Dale som brukast aktivt av mange.

I søknaden er det planlagt omfattende helikopterflyging i anleggstida. Dette kan gje støy- og støvplager både for bustader og i turområdet. Landingsplass/parkering for helikopter er planlagt på Dalegarden. Behovet for slikt areal er avgrensa til 4 enkeltdagar i 2024 og ca 14 dagar i 2025. Utbyggar har varsla at helikopter skal nyttast ved bygging av ny mast i fjellet over stasjonen. I så fall kan alternativt areal på andre sida av E16 nyttast for å unngå flygingar over hus eller veg.

Å pålegge kommunen å halde av attraktivt næringsareal til slik sporadisk bruk kan potensielt medføre bortfall av vesentlege inntekter og tap av næringsetableringar. Kommunen ser bandlegging av R11 som uforholdsmessig og urimeleg. Utbyggar kan be om oreigning av bruksrett til arealet, noko kommunen og vil motsette seg.

Formelt grunnlag

Høyring av endringssøknad Dale transformatorstasjon frå NVE, datert 16.05.22
KOM 06/22

Vurdering og konsekvensar

Kraftleidningar med spenning over 22 kV, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev anleggskonsesjon etter energilova er unntatt frå plan- og bygningsloven, jf. § 1-3 for å sikre en meir effektiv saksbehandling.

Berre føresegnene om konsekvensutgreiing i kap. 14 og om stadfesta informasjon i kap. 2 gjeld for slike anlegg. Dette betyr at det kan gis konsesjon og byggast anlegg uavhengig av planstatus. Det skal ikkje lagast reguleringsplan eller gis dispensasjon for slike anlegg, og at det ikkje kan vedtakast andre planføresegner.

Kommunar har rett til motsegn og klage. Motsegn kan berre reisast i den perioden konsesjonssøknaden er på høyring, og siste frist for motsegn er høyringsfrist for søknaden.

Kommunen har vore tydeleg på at konsesjonssøknaden som var på høyring i vinter etter vårt syn ikkje stettar kravet til konsekvensutgreiing som skal sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tilstrekkeleg ivaretatt. Ein søknad som fyller krava i energilova om at alle nødvendige opplysningar skal ligge føre saman med konsesjonssøknaden. Vaksdal kommune var av den klare oppfatning at søknaden ikkje oppfylte dette kravet. Utbyggar har i mai lagt fram ein endringssøknad der enkelte punkt vert trekt og nye punkt er lagt til. Vaksdal kommune meiner framleis at søknaden er mangelfull.

Ved å utarbeide ein endringssøknad hadde utbyggar høve til å betre grunnlaget for konsesjonsbehandling slik kommunen har etterspurd. Sidan første søknad vart sendt NVE i januar 2021 har planlegginga pågått for fullt. Det er halde 8-10 møter med kommunen. Grunnlaget for ein ny og betre konsesjonssøknad var dermed til stades. Kommunen finn det sterkt kritikkverdig at ikkje alle forhold er utgreidd og lagt fram i endringssøknaden etter så lang planleggingstid. Ved bygging i eit tett sentrumsområde er potensielle konsekvensar så vesentlege at dette bør vera fullt utgreidd før konsesjonsbehandlinga.

Innspela frå kommunen har vore konstante i heile perioden. Kommunestyret i Vaksdal vedtok samrøystes å fremje motsegn til konsesjonssøknaden i januar. Vaksdal kommunen er overraska og skuffa over at våre krav i motsegna i så liten grad er tatt til følgje i endringssøknaden.

Utbygger viser framleis til enkle skisser og har ikkje oversendt kommunen detaljplanar sjølv etter at prosjekteringa er ferdig. Denne mangelen på openheit i ei så viktig sak for kommunen er vanskeleg å forstå. Slik vi ser dette er ikkje ein slik lukka prosess i samsvar med intensjonen med å flytta behandlinga frå plan – og bygningslova til energilova. Tvert i mot meiner vi at prosessen har forseinka framdrifta snarare enn å bidra til effektiv behandling.

For Vaksdal kommune er det svært viktig å få oversikt over korleis tiltaket vil påverke lokalmiljøet, og i størst mogeleg grad søkje å avdempe negative verknadar før konsesjonen gis. Kommunen blir på nytt invitert til å gje høyring på eit ufullstendig grunnlag, i ei sak med varige ulemper for private og allmenne interesser i kommunen.

I motsegnsmøte oppmoda NVE kommunen til å fremje konkrete forslag om vilkår til konsesjonen som grunnlag for å trekke motsegna. Kommunen sitt syn er at våre krav er rimelege sett opp mot tiltaket og gjennomførbare for utbygger utan vesentlege omkostningar verken for tidsbruk eller økonomi i eit så stort prosjekt. Utbygginga har ein totalkostnad på rundt ein halv milliard, tiltaka kommunen krev er ikkje kostnadsrekna, men vil vera svært små samanlikna med prosjektramma.

Vaksdal kommune har tillit til og forventar at NVE ser at utbygging av ein stor transformatorstasjon i eitt tettbygd bustad- og sentrumsområde har vesentlege negative konsekvensar for innbyggjarane og difor vil imøtekomme dei krava kommunen har til avbøtande og kompensierende tiltak gjennom vilkår til konsesjonen.

Konkrete vilkår

Følgjande sett med vilkår i konsesjonen kan bidra til at kommunen kan trekkje motsegna.

Vilkår knytt til ivaretaking av innbyggjarane:

- Det vert sett vilkår om at utbygger utarbeider grundigare støyberekningar som tar tilstrekkeleg omsyn til topografi og andre stadlege forhold, og legg fram planer for støyskjermande tiltak for andre eigedomar som følgje av berekningane.
- Det vert sett som vilkår støy målingar ved oppstart og elles når kommunen måtte krevje det etter klager frå innbyggjarar. Målingane skal utførast til ulike årstider, ved fleire bustader og ved tur/rekreasjonsområdet. Ved oppauke til 420 kV eller andre større endringar skal det gjennomførast nye målingar. Samla støy frå området skal leggest til grunn ved målingar.
- Det vert sett vilkår om at utbygger forpliktar seg til innløyising av Dalevegen 16 som vert hardest råka av utbygginga.
- Det vert sett vilkår om støyberekningar for anleggsfasen og utført målingar i anleggsfasen.
- Det vert stilt vilkår om at utbygger før konsesjonsbehandling legg fram detaljerte planar for kommunen som konkret viser kvar rigg, lagringsplassar og andre installasjonar vert plassert.

Riggområda som er merka i søknaden ligg tett inntil bustadane og vil ha stor betydning for bebuarane i området. Konsekvensane av samla belastning frå rigg, transport og anleggstøy for bebuarane i dette området må kartleggast. Kommunen kan ikkje akseptere at situasjonen for bebuarane vert kraftig forringa i lang anleggsfase.

Vilkår knytt til kommunal veg:

- Det vert sett vilkår om permanente tiltak på strekningen frå krysset Sandlivegen – Elvavegen til og med parkeringsplass ved Dalevegen. Dette inkluderer samanhengande fortau i Elvavegen og godkjente kryss, avkøyrslar, siktsoner med meir. Kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.

- Det vert sett vilkår om god skjerming for mjuke trafikantar i anleggsfasen. I Sandlivegen kan etablert gangveg nyttast for gåande. Det må utarbeidast eigen trafikkplan for anleggsfasen, kommunen som vegstyresmakt skal godkjenne planane.
- Det vert sett vilkår om at utbyggar sikrar fri ferdsel og tilkomst til alle eigedomar i heile anleggsperioden. Kravet gjeld både privatbilar og større køyretøy som ambulanse, brannbilar, brøyteutstyr, gravemaskiner, varetransport og liknande.

Vilkår knytt til næringsområdet på Dalegarden:

- Det vert sett som vilkår om at R11 utgår. Behovet for slikt areal er avgrensa til 4 enkeltdagar i 2024 og ca 14 dagar i 2025. Å pålegge kommunen å halde av attraktivt næringsareal til slik sporadisk bruk kan potensielt medføre bortfall av vesentlege inntekter og tap av næringsetableringar. Kommunen ser bandlegging av R11 som uforholdsmessig og urimeleg. Utbyggar kan be om oreigning av bruksrett til arealet, noko kommunen og vil motsette seg.

Vilkår knytt til natur, kultur og miljø

- Det vert sett som vilkår at Daleelva som laksevassdrag ikkje vert forringa, indirekte eller direkte, av utbygginga. Det vert stilt krav om konsekvensutgreiing som dokumenterer at dette ikkje vil skje.
- Det vert sett som vilkår at området langs Daleelva framleis kan nyttast som rekreasjons- og turområde. Herunder at dagens gangveg ved Elvavegen vert erstatta med fortau langs vegen og at benkar og anna langs elva er tilgjengelege.
- Det vert sett som vilkår at tiltaket og flaumsikringa ikkje medfører negative konsekvensar oppstraums eller nedstraums anlegget.
- Det vert sett som vilkår at viktige natur og kulturverdiar, herunder handtering av matjord vert ivaretatt i samsvar med lovmessige krav.

Oppsummering

Vaksdal kommune har både tidlegare og i dag, avgitt betydeleg areal til produksjon og distribusjon av fornybar kraft. Tidlegare utbyggingar har medført vesentlege ulemper i kommunen. I seinare år er negative konsekvensar av tidlegare utbyggingar i større grad blitt synlege og med rette debattert i samfunnet. I dagens lovverk skal negative konsekvensar vektast opp mot samfunnsnyttan. Ulemper for lokalsamfunnet skal vektleggast ved konsesjonsbehandling.

Sett i lys av dette meiner kommunen at det er svært uheldig at ein større transformatorstasjon i dag er planlagt plassert midt i eit bustadområde i eit lite og tett kommunesenter. Utbygginga medfører varige ulemper for enkeltpersonar og for allmenne interesser, og legg beslag på begrensa areal som er tiltenkt andre vesentlege samfunnsformål.

Om dette til tross, er sett som nødvendig av omsyn til vektige samfunnsomsyn, må utbyggar og konsesjonsmyndigheit sjå til at ei utbygging skjer så skånsamt som mogeleg og med minst mogeleg negative konsekvensar for innbyggarar, næringsliv, offentlege funksjonar og viktige lokale natur- og kulturverdiar. Utbyggar må etter vår syn påleggast tilstrekkeleg avbøtande og kompensierende tiltak, sjølv om desse medfører noko auka kostnader. Anlegget skal bestå «i all framtid», kostnaden ved

slike tiltak er minimal sett opp mot gevinsten i eit «evig» perspektiv.

Etter kommunen sitt syn har søknaden framleis fleire manglar og utbygger har i liten grad bidratt med supplerande informasjon. Sjølv etter fleire års planlegging er konsekvensar i liten grad utgreidd. Kommunen sine innspel og krav undervegs og i motsegna er ikkje konsekvensvurdert verken i opphavelig søknad eller i endringssøknaden.

Ein søknad som fyller krava i energilova om at alle nødvendige opplysningar skal ligge føre saman med konsesjonssøknaden. Kommunen finn det sterkt kritikkverdig at ikkje alle forhold er utgreidd og lagt fram i endringssøknaden etter så lang planleggingstid. Ved utbygging i eit tett sentrumsområde er potensielle konsekvensar så vesentlege at dette bør vera fullt utgreidd før konsesjonsbehandlinga.

Kommunen ser behov for auka kraftuttak til lokale og regionale behov. Kommunedirektøren er av den oppfatning at kraftbehovet bør kunne la seg løyse gjennom god tilpassing, avbøtande og kompenserande tiltak. Kommunen kan ikkje godta ei utbygging som medfører vesentlege negative konsekvensar for våre innbyggjarar. Kommunen vil følgeleg stille konkrete vilkår til konsesjonsbehandlinga. Om desse ikkje vert innfridd er kommunen av den oppfatning at ny transformatorstasjon må byggast utafør Dale sentrum.